



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsak nr:	Styre 23/055	Dato:	13.12.2023

### Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks 13.12.2023 vedtak

### Oppfølging av budsjettvedtak 10.11.2023 – Innsparing og effektivisering

#### HANDSAMING:

#### Tilråding frå brannsjef

-

#### Sakshandsaming i styret 13.12.2023

Det vert i saksdokumentet endra dato for tiltakspunkt 2 frå 22.02.2024 til 29.02.2024.

Siste setning i avsnitt 3 og første setning i avsnitt 4 vert endra for å få fram at kostnaden for kommunar som trer ut av selskapet har fått ein auka kostnad samanlikna med å vere ein del av selskapet.

Saka er ei drøftingssak der rammer, mål, organisering, tidsplan og forankring er tema som er meldt inn.

Rammer: Styret sluttar seg til saksutgreiinga og forslag til framdriftsplan. Det må takast høgde for at det føreligg fleire eigarbestillingar der desse på fleire vis er avhengige av kvarandre. Dagleg leiar rapporterer til styreleiar vedr. framdrift.

Øvrige tiltak er avhengig av resultatet av den økonomiske analysa samt revidert mandat for beredskapsanalyse trinn 2.

Mål: Haugaland brann og redning skal ikkje vera dyrare enn kommunar eller interkommunale brannvesen som det er naturleg å samanlikne seg med.

Organisering: Oppgåva skal løysast med bruk av interne ressursar, men det skal sendast ein førespurnad om kva kommunane kan bidra med av økonomisk kompetanse.

Dagleg leiar per tid også leiar økonomi og skal stå ansvarleg for analysa.

Tidslinje: Tidsramme for den økonomiske analysen er 29.02.2024.

Det må vera ein dialog med eigarane om leveransetidspunkt som per tid er sett til 26.04.2024 (minus 4 veker). Det må vurderast om det skal leggjast opp til eit ekstraordinært representantskapsmøte for å ha kvalitet på arbeidet samstundes som dette skal inn i budsjettprosessen for 2025.

Forankring: Den økonomiske analyse skal vera forankra i styret.

Innsparings- og effektiviseringsprogram skal handsamast av representantskapet.

Annet: Det er nødvendig å gjennomføre eit eigarmøte for å avklare:

- kva forventningar som eigarar og selskap har til resultat av programmet,
- eller samkøyre kva kommunar som skal vera «samanliknbare» og til sist

-

- når mandat for beredskapsanalyse trinn 2 kjem og korleis skal selskapet forstå nytt mandat.

### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber dagleg leiar om å iverksette ein analyse av kostnader som vert lagt fram som grunnlag for vidare framdrift for eit innsparings- og effektiviserings-program.

### SAKSOPPLYSNINGAR:

I samband med budsjetthandsaming i representantskapsmøte 10.11.2023 vart det gjort følgjande vedtak:

(...)

4. *Med utgangspunkt i rammestyring og ein forventning om at kostnadsnivået for Haugaland brann og redning iks skal vera på gjennomsnittet av tilsvarande kommunar, ber representantskapet styret om å iverksette eit innsparings- og effektiviseringsprogram gjennom å:*
  - a. *Arbeide med strategiar for å redusere stillingar og funksjonar.*
  - b. *Identifisere moglege tiltak innanfor beredskap, førebygging og organisering.*
  - c. *Starte opp aktivitetar for å auke inntektssida.*
  - d. *Revidere beredskapsanalyse trinn 2 etter nytt mandat frå eigarane.*

*Innsparings- og effektiviseringsprogram skal handsamast representantskapet våren 2024.*

### VURDERINGER:

For å utarbeide eit innsparings- og effektiviseringsprogram som skal leggest fram for representantskapet våren 2024, er det ønskje om å drøfte rammene og rammene med styret.

Det vert krevd i vedtaket at kostnadsnivået skal vera på snittet av tilsvarande kommunar.

Ved å arbeide med strategiar for å redusere stillingar og funksjonar, finne innsparingstiltak og auke inntektssida, er det slått fast at Haugaland brann og redning har ein høgare kostnad enn det som kan forventast. Dei kommunane som har tredd ut av selskapet har alle fått auka kostnad samanlikna med å vera med som medeigar. Dette er ein indikasjon på det å hevda at selskapet har eit høgt kostnadsnivå ikkje nødvendigvis er rett.

Det er derfor viktig å bygge vidare framdrift på fakta og det bør derfor gjennomførast ei analyse av Kostra-kostnader for å:

1. ha eit reelt samanlikningsgrunnlag
2. kunne etablere eit mål i det arbeidet som inngår i innsparings- og effektiviseringsprogrammet.

Basert på dette kan ein etablere eit arbeid som ser på kva stillingar og funksjonar som eit selskap på vår storleik bør ha og kva tiltak som må gjerast for å komme dit.

Aktivitetar på inntektssida og innsparingstiltak generelt sett, det kan inngå i programmet, men samtidig vil dette vera ei løpande oppgåve for styret og administrasjonen.

#### Utkast til framdriftsplan:

Tiltak	Frist
1. Fastsette rammer, mål, organisering, tidsplan og forankring	styre 13.12.2023
2. Gjennomføre en Kostraanalyse og fastsette sammenlikningsgrunnlag	styre 29.02.2024
3. Gjennomføre en analyse av tiltak for innsparinger	styre 20.03.2024
4. Tiltak for å starte opp aktivitetar på inntektssida	styre 20.03.2024
5. Revisjon av beredskapsanalyse trinn 2	styre 20.03.2024
6. Handsaming i representantskapet	repr 26.04.2024

Det er ønske om å diskutere fram sjølve målet og rammene i styremøte 13.12.2023. Organisering skjer ved at dagleg leiar gjennomfører ein analyse og trekker på dei ressursene som er nødvendig innanfor eigen administrasjon og/eller eksterne partar.

Det vert ikkje tilført midlar til analysearbeidet.

Overordna tidsplan følgjer møtekalendar der forankring og handsaming skjer i representantskapsmøte 26.04.2024.

Haugesund, 06.12.2023

Dag Botnen  
brannsjef

Vedlegg: -